

Nestleiar Grete Riise, Nynorsk kultursentrum

Årets nynorskbrukar 2017: generaløytnant Morten Haga Lunde

Pristale under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 29. juni 2017

I norsk språkpolitikk har det vore eit ganske skarpt skilje mellom det sivile og det militære samfunnet.

Då Noreg i 1920- og 30-åra blei utvikla som ein ganske moderne, tospråkleg stat, var det alt anna enn sjølv sagt at handboka for soldatar skulle finnast på både nynorsk og bokmål. Fleire enn Kjartan Fløgstad, Årets nynorskbrukar i 2004, har fortalt om korleis det var å vere nynorskbrukar på sesjon i 1950- og 1960-åra. Nokre dagar i vinter kom vi gjennom diskret og vennlegsinna etterretning borti fleire pensjonerte offiserar som hadde måtta godta at dei ikkje kunne bruke nynorsk i si militære teneste.

Dette er det på høg tid å gjere noko med.

Som språk har nynorsk vore dokumentert i kolonnar av tal og rekkjer av argument, men aldri vore fullgodt innrullert i det militære. Nynorsk i Forsvaret har vore om lag like sjeldant som nynorsk i den digitale trusselen mot datatryggleik som tilforlatelege e-postar kan utgjere. Lite er meir sikkert i Noreg i 2017 enn at slike dataåtak aldri blir formulerte på nynorsk.

Det er kanskje den einaste fordelten ved å vere eit mindre brukt språk.

Prisen *Årets nynorskbrukar* blir tildelt personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktiske arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk.

Prisen blir i år delt ut for 18. gong. Prisvinnaren får 100 000 kroner, diplom og eit grafisk blad av Arne Nøst som berre prisvinnarane våre har.

Då styret i Nynorsk kultursentrum skulle ta avgjerda, hadde vi 38 kandidatar å velje mellom, og 13 var nye av året. Administrasjonen nominerte tre, og styret gjorde det endelege valet.

Styret vil at denne prisen skal vere tett på saker vi arbeider med og som er særleg viktige for nynorskbrukarane. Det oppdraget Stortinget gav oss i 1995, var å dekke alle sider ved nynorsk skriftkultur. I lovs form er det fastlagt korleis kvar statstilsett, kvar avdeling, kvart forvaltningsorgan skal bruke dei to jamstilte norske språka. Då er det alvorleg at dei instansane som sjølve skal sikre lov og orden, ikkje tek det så nøye med mållova.

Når nokon så tek affære, er det altså god grunn til å prise dei. Prisvinnaren er ein av desse.

Morten Haga Lunde (f. 1960) frå Os i Hordaland er generalløytnant i Forsvaret og har vore sjef for Etterretningstenesta frå 1.1.2016. Med utdanning frå Luftkrigsskulen blei han utnemnd til oberst i 2002, seinare brigader og generalmajor, og han blei utnemnd til generalløytnant og sjef for Forsvarets operative hovudkvarter i 2013. I vinter la han fram *Fokus 2017. Etterretningstenesta si vurdering av aktuelle trygging utfordringar*.

Det fekk forslagsstillaren til å skrive mellom anna dette: «Generalløytnant Morten Haga Lunde la måndag 6. februar 2017 kl. 10:00 fram Forsvarets e-tenesta si trusselvurdering på rein og plettfri nynorsk. Han nytta til og med namneforma *Noreg*. [...] Når no generalløytnant Lunde nyttar nynorsk i ein så sentral og viktig rapport som trusselvurderinga, kan dette ikkje avfeiast som om det var ein kranglevoren underoffiser, som ville syna seg fram. Når ein generalløytnant nyttar nynorsk, i ein for landet så viktig rapport, gjev han språkbruken ein autoritet som ikkje kan drøftast eller bortforklarast. Den står støtt og er retningsgjevande. Generalløytnant Lunde har her slått seg gjennom fiendens forsvarslinje og etablert eit nynorsk bruhovud på fiendens område, for å seie det med militær terminologi.»

Etterretningsarbeidet vårt tett på generalløytnanten stadfesta hans personlege engasjement i saka, og styret kunne trygt gjere dette vedtaket:

Prisen *Årets nynorskbrukar 2017* går til generalløytnant Morten Haga Lunde for å gi bruk av nynorsk den autoriteten som trengst på eit område som har vore mindre språkleg mangfaldig enn resten av samfunnet.

Det er ei stor glede for meg å se Morten Haga Lunde kome fram og ta imot 100 000 kroner og all den virak du fortener som *Årets nynorskbrukar 2017*!